



ULSTEIN®

.....

ULSTEIN EXPO: FØR, NO OG FRAMOVER

TIDLEGE ÅR


OPPKJØP OG NY START

DESIGN, TEKNOLOGI,
INTEGRASJON

SAMARBEID

FOLKET

OPPLEVINGAR



Ulstein Group starta aktiviteten sin i 1917 som ein mekanisk verkstad. Mesteparten av arbeidet gjekk ut på å reparere fiskebåtar utanfor fiskesesongen. I dag er selskapet eit internasjonalt konsern med aktivitetar innan skipsdesign og utstyrspakkar, skipsbygging, kraft- og kontrollsystem og shipping.



KJERNEN

Dei fem skjermene ved inngangen er inndelt i temaa Media, Bedrifta, Samfunn, Global, Skaparglede og er kopla mot ein sjette skjerm, Innovasjon, som finst ein annan stad i utstillinga. Alle tema kan nåast på alle skjermar.

Her kan du trykke, sjå, høyre og oppleve breidda av Ulstein Group – og endå litt meir.



MERKESTEINAR OG RØRA

Merkesteinar-veggen gir eit kort innblikk i utviklinga av selskapet frå 1917 og til no, og det er sett av plass på veggen til å dekke minst ein generasjon fram i tida.

Røra som heng frå taket gir små smakebitar frå enkelttema i ULSTEIN-historia: Miljø, Kvinner i arbeidslivet, Fagorganisering, Arbeidsmiljø, Nøysemd, Eit eventyr i norsk næringsliv, Rekruttering og kompetanseutvikling, Samfunnsansvar. Den norske teksta er på høgresida av røra. I det siste røret er smakebitane i form av filmar og lydopptak.

GAMLETIDA

Spantet, den gjennomskorne trebåten i veggen, markerer inngangen til gamletida, då det meste av arbeidet gjekk føre seg med handemakt og muskelkraft. Her er lydar frå arbeidet frå den gongen, reiskapar og maskiner, og modell av verkstaden då han var ganske nyetablert.

Rullestolbrukarar og andre med nedsett rørslefunksjon:

Ver merksame på at det ved utgangen frå gamletida er ein høg kant, ta heller same rute tilbake til utstillinga.



ULSTEIN ETTER 1999

Ulstein Group si historie er prega av at heile konsernet, med unntak av skipsbyggingsaktiviteten, vart kjøpt i 1999. "Triangelet" ved utgangen frå gamletida fortel om kva som skjedde i forkant av salet, og korleis det var å starte opp på nytt. Forteljinga er dramatisert som eit hørespel, med fleire tidsvitne som fortel om hendingane, børsopplasing og autentiske nyheitsinnslag.

Varighet: 15 minutt





DESIGN OG TEKNOLOGI

Den nesten 7 meter lange tanktestmodellen vart nytta ved uttestinga av ein ny ULSTEIN-design, SX121. Rundt og i modellen kan ein lese om utviklinga i arbeidet med skipsdesign og X-BOW®, og sjå filmar om tanktesting og skip designa og bygde av ULSTEIN.

I det knallgule teknologirommet får ein innblikk i korleis ein kan bli inspirert til å kome opp med nye idear, også taket er nytta til å formidle slike historier. Meir info kan ein trykke seg fram til på Innovasjonsskjermen.



INTEGRASJON, PAKKE- LØYSINGAR OG SKAPARGLEDE

Den gamle Rappmotoren som dominerer denne sona vitnar om kor viktig pakkeløysingar har vore gjennom Ulsteinhistoria. Skaparglede og teft handlar om kor viktig det er å tore å satse – og akseptere at ein kan feile. Inne i Teftromet kan ein starte ei lydkulisse, der Idar, Tore og Gunvor Ulstein utvekslar tankar om Teft, Skaparglede og Innovasjon.

Varigheit: 11 minutt

På Integrasjonsveggen kan ein sjølv teste ut integrerte produkt frå ULSTEIN.

RINGAR I VATN, SAMARBEID, GLOBALISERING OG DEI SJU HAV

Ein skipsbyggingskontrakt gir store ringverknader for samfunnet, og dette blir framstilt på den eine veggen. Ulstein Group er del av opptil fleire maritime klynger, og klynga i Møre og Romsdal vert vektlagt spesielt. Som ein del av samfunnet og verda, er Ulstein Group også omtalt i eit internasjonalt perspektiv.

På skjermen kan ein via GPS følgje ULSTEIN på dei sju hav: Her kan ein få opp kvar alle fartøy designa eller bygde av ULSTEIN etter 1999 er akkurat no.



FOR BORNA

Filmar, lyd og bilete er kanskje kjekkast for dei større borna.

Dei små må også få sitt: Det er fullt lovleg å klatre opp i tanktestmodellen. Det tek nok heller ikkje lang tid før dei sjølve finn ut at det svarte holet gjennom teknologiromet er eit kjempekjekt klatrerør og rutsjebane.



ULSTEIN GROUP

Ulstein Group har om lag 800 tilsette, med aktivitet i ni land. Hovudkontoret ligg på Osneset i Ulsteinvik.

Ulstein Group har aktivitet innan design og utstyrspakkar, skipsbygging, kraft- og kontrollsystem, globalt sal og shipping.



SAMFUNNSKONTAKT

ULSTEIN er ei hjørnesteinsbedrift i Ulstein kommune, med lokale røter i ein global marknad.

ULSTEIN ynskjer å bygge eit godt lokalsamfunn, som kan trekke til seg kompetanse frå andre delar av landet og verda elles. Langsiktig satsing på regionen er med på å bygge eit godt omdømme for næringa og bedriftene. ULSTEIN tek årleg i mot ei rekkje besøk av skuleklasser, studentgrupper og andre.

ULSTEIN GROUP I FRAMTIDA

Gjennom Ulstein Expo har vi gitt ein smakebit av framtida. Kanskje kan du vere med på å skape historie? ULSTEIN har meir enn 70 ulike yrkesgrupper representert, og treng arbeidskraft i framtida. Ta kontakt dersom du er interessert i å jobbe for oss.

Har du innspel til forbetringar av Ulstein Expo, set vi pris på tilbakemeldingar til omvisaren eller til servicetorget (resepsjonen).



ULSTEIN®

TURNING
VISIONS
into
REALITY

KONTAKT OSS

////////////////////

ULSTEIN GROUP

Postboks 158
6067 Ulsteinvik
gr@ulsteingroup.com
Tlf.: 7000 8000

WWW.ULSTEINGROUP.COM